

Ein tur blant gamle heimstølar og gardsbruk




Ein har to lette turmogelegheiter i dette området om ein vil gå turen over Vesleberg: Frå Øygard i Liagardane eller frå Søre Sehl i Votndalen.

Turen over Sehlsbergi er lett og fin, og går i rikt kulturlandskap. På dei høgste punkta, vil du oppleva ein av dei flottaste utsiktene i Ål.

Frå Sehlsbergi kan du ta stigen til høgre å gå nedom Nedreskår. Dette var eit fullverdig gardsbruk med kyr, hest og sauer til sist på 1930-talet. Derfrå går du vidare austover direkte til Kleivstølen, eller opp forbi Teigo til Vesleberg som er toppen.

Fleire stader er det storfelt utsyn både austover og vestover dalen. Området blir framleis brukt til beite, så det er viktig å vise omsyn til dyr og gjerde i utmark.


Turen opp til Sehlsbergi kan ein også gå med utgangspunkt i Halvorsgard. Då er turen hard og bratt. Den traseén er ikkje skildra her.





For meir detaljert kart sjå: Reineskarvet 1:50.000/Tur- og sykkelkart Al/Gol/Hemsedal 1:60.000.





Foto: Bård Svardal

 a) Rv 7, køyr opp Liagardsvegen til Øygard. b) Fv. 244 mot Vats, til høgre opp Votndalsvegen, deretter Selsvegen.

 Stigane går over gamle heimstølar og grasvollar.

 a) Ved container i Øygardsvingen på Liagardsvegen. b) I enden av Selsvegen i Votndalen.

 Stigane er greie å gå, for det meste gjennom ope skogsterreng og over gamle grasvollar.

 Ca. 2,5 km ein veg over Sehlsbergi. 783-910 moh.

